

Utviklingsprogram for byregioner - Fase 2: Rapportering pr. 15.02.2016

LLS-regionen (Sogndal, Luster og Leikanger)

Beskrive eventuelle organisatoriske endringer i forhold til prosjektplanen

Prosjektet er organisert i stor grad som gitt i prosjektplanen for fase 2. Organisasjonskartet frå prosjektplanen fase 1 vert behalde, men med nokre endringar og utvidingar.

Eigargruppa

Eigargruppa si oppgåve og mandat er å sikre forankring i kommunane, godkjenne prosjektet og framdrift, samt å definere milepælar for prosjektet. Eigargruppa skal presentere prosjektet halvårleg i formannskapet.

Ordførar: Ivar Kvalen, Luster

Ordførar: Jarle Aarvoll, Sogndal

Ordførar: Jon Håkon Odd, Leikanger

Rådmann: Jarle Skartun, Luster

Rådmann: Jostein Aanestad, Sogndal

Rådmann: Odd Arve Rakstad, Leikanger

Styringsgruppa skal bidra med støtte, råd, instruksar, og kompetanse til prosjektet. Dei er og ansvarlege for kommunikasjon utad og kva som skal formidlast.

Næringsjef: Per Holen, Leikanger

Næringsjef: Olav Grov, Luster

Næringsjef: Per Odd Grevsnes, Sogndal

Plan og samfunnsavdelinga, Sogn og Fjordane fylkeskommune: Annlaug Helene Kjelstad

Merknad: Kjetil Kvåle, Kunnskapsparken Sogn og Fjordane deltek ikkje I FASE 2. Nytt i fase 2 er at fylkeskommunen i Sogn og Fjordane ved planavdelinga er representert.

Prosjektadministrasjon

Prosjektadministrasjonen ved Sogn Næring syter for prosjektleiing og gjennomføring. Prosjektleder, Sogn Næring, Lisbeth Bringeboen

Referansegrupper

I prosjektplanen for fase 2 er det forslag om å nytte tre eller fire representantar frå sentrale nærings og samfunnsaktørar i regionen. Vi vil i fase 2 setje ned temagrupper etter behov for dei ulike satsingsområda i planen, og ikkje nødvendigvis faste referansegrupper.

FoU-utval. Det er hensiktsmessig å ta inn personar med fagleg kompetanse som bidragsytarar i prosjektet også i fase 2.

Evt. presisering av mål for prosjektet

Tema frå prosjektplanen vert behalde. Vi utviklar aktivitetar under kvart tema, og set mål for aktivitetane.

Tema 1: Korleis kan kommunane utnytte tilflyttingspotensialet og næringspotensialet knytt til nye former for friluftsliv og aktivitetsbasert reiseliv?

Tema 2: Korleis kan kommunane bidra til å sikre eksisterande, og leggja til rette for nye, statlege og fylkeskommunale arbeidsplassar i kommunane?

Tema 3: Korleis kan vi kople og utnytte kompetansemiljøa i kommunane til innovasjon og nyskaping?

Beskrivelse av aktivitetane fram til nå

Tema 1: Korleis kan kommunane utnytte tilflyttingspotensialet og næringspotensialet knytt til nye former for friluftsliv og aktivitetsbasert reiseliv?

(Tiltak: Bidra til å bygge infrastruktur og utvikle aktivitetstilbod i regionen)

Stisykling: Bygging av løyper

Status: Sogn Næring har mottatt kr 475 000 frå fylkeskommunen til stisyklingsløyper. Ikkje fått midlar frå sparebankstiftinga, så vi må finne anna finansieringskjelde for å matche dei. Ola Alsterholm i SGNskis er førespurd som prosjektleiar.

Stisykling: Nytt forvaltningssystem for fleirbruk av utmark Sogndal kommune saman med Vestlandsforskning søkjer Regionale forskingsfond om midlar der hovudmålet er å utvikle lokalt tilpassa forvaltningssystem med løysingsmodellar for koordinering av friluftslivsaktivitet i utmark for å redusere konfliktpotensialet, stimulere lokal verdiskaping og ivareta allemannsretten og grunneigar sine interesser. Sogndal kommune mottatt tilskot.

Kommentarar: Eivind Brendehaug er prosjektleiar for Nytt forvaltningssystem. Vi må sikre at dei to stisyklingsprosjekta snakkar godt saman.

Aktivitetsbasert turisme Kjøsnes – Lunde – Fjærland

Via Ferata i Jølster og Hytte i Fjærland.

Status: Ope møte i september, workshop 3. November, møte 18.01. Ny workshop i januar. P.O. Grevsnes har vore aktiv frå byregionprogrammet si side hittil. Visit Sognefjord overtek og køyrer prosjektet etter neste workshop.

Tenketanken. Granske kvifor folk flyttar hit.

Status: Workshop med 13 tilflyttarar i Sogndal gjennomført som ein pilot. Interessante tilbakemeldingar knytt til bustad og møteplassar. Vi vil køyre same opplegget i Luster og Leikanger. Dette for å finne ut meir om kva type folk vi rekrutterer, og kva type folk vi vil rekruttere. Status: Søkjer Sparebankstiftinga om tilskot til utvikling av konseptet.

Kommentarar: I Luster skal det køyrast eigen kveld for gründerbedrifter.

Ikkje sikkert at vi skal skilje tilflyttarane i Luster, Sogndal og Leikanger, men ha felles event. Må arbeide litt med metodikken. Vi skal heller ikkje vere redde for at utvalet ikkje er representativt, men ha eit bevisst forhold til kva tilflyttarar vi ynskjer fleire av.

Tema 2: Korleis kan kommunane bidra til å sikre eksisterande, og leggja til rette for nye, statlege og fylkeskommunale arbeidsplassar i kommunane?

Statlege arbeidsplassar

Prosjektleiar saman med nokre frå kommuneadministrasjonen inviterer seg sjølve på besøk til leiarane i dei statlege verksemdene i dei tre kommunane for å finne ut meir om strukturane for korleis dei statlege arbeidsplassane vert skapte, og kva bedriftene gjer for å halde på desse arbeidsplassane, samt kva kommunane eller andre kan bidra med for å sikre arbeidsplassane også framover. Seks møter gjennomført i veke 44 og 45 med Innovasjon Noreg, Fylkesmann, Fylkeskommunen, Statkraft, Høgskulen og Difi. Sett opp felles møte 18. mai kl. 12.-15. Samla referat vert lagt fram når vi har snakka med dei siste to statlege leiarane (Vegvesentet og Statnett).

Obs: På møtet 18. mai er dei statlege leiarane kalla inn. Det er nok at ein av rådmennene representerer dei tre kommunane på samlinga. Alle tre rådmenn og ordførarar treng ikkje vere med, men er velkomne om de har høve til det.

Kommentarar: Fylkesmannembetet i Sogn og Fjordane og Bergen kan verte slått saman. Dette er alvorleg, og Byregionprogrammet for Luster, Leikanger og Sogndal bør ta ei aktiv rolle og køyre ein prosess med føremål om å seie noko om kva det er viktig at vi beheld dersom samanslåing vert ein realitet.

Tema 3: Korleis kan vi kople og utnytte kompetansmiljøa i kommunane til innovasjon og nyskaping? Plansamarbeid

Dra veksle på planavdelingane i kommunane: sjå om det er område i samfunnsdelen eller arealdelen der kommunane kan dra nytte av kvarandre og saman skape gode planprosessar og resultat.

Plansamling gjennomført 12.-14. januar. Ny samling i Juvet i Valldal 7.-9. mars under planlegging.

Kommentarar: Viktig at plansamlinga vert konkret. For at plansamling del to skal kunne gjennomførast så må rådmennene peike ut nokon frå eiga planavdeling som skal hjelpe oss med det faglege innhaldet, og kor mange timar denne personen skal bidra med. Denne personen skal vere vår kontaktperson inn mot resten av planavdelinga i kommunen. Byregionprogrammet skal framleis stå for alt det praktiske, men det faglege innhaldet må sikrast.

Konkret skal plansamling del to dreie mellom anna om felles friluftslivsplan og temaplan for stisykling.

Vurdering av framdriften i arbeidet i forhold til prosjektplanen

God framdrift på aktivitetar som var planlagte i første fase. No må vi planlegge vegen vidare, og kva prosjekt og tiltak som er dei rette å sette i gong mellom dei tre kommunane våre.